

**Ja til avkøyrslø hvis veg stengjast**

19.01.2012

**Statens vegvesen går med på dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesvegen og at Else Djuve og Sigurd Arne Arnesen får avkøyrslø til den kommunale Beinavikjovegen for nybygg av bustad. Dispensasjonen vert gjeve under føresetnad av at privat veg vert stengd fysisk aust for ny tilkomst til eigedomen. Kommunen skal ikkje gje klarsignal for nytt hus før denne vegen er fysisk stengd.**

Vegvesenet peikar på at trafikkstøy kan vera ein ulempe. Bustaden vil liggja i gul sone i støyvarselkarta og det må dokumenterast at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støytilhøve i bustadhuset og på uteplass,

Det er ikkje grunnlag for krav mot vegvesenet på grunn av ulempe med støy som følgje av at bustaden ligg i gul sone, om kommunen skulle gjera eit positivt vedtak.

Dispensasjonen gjeld for byggjegrensen med ein avstand på 16 meter frå midten av vegen til næraste bygningsdel på eigedomen til søkjarane.

Av Ola Matti Mathisen